
Vår referanse 2021/27464-2
Dato 02.08.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Dispensasjon frå kommuneplan - fritidsbustad – gnr. 89, bnr .21 - Haugsmyr - Alver kommune

Viser til brev datert 09.07.2021 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av område har topografiske trekk som gjer at det kan vere potensialet for nye funn. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift